



KARMØY KOMMUNE
Postboks 167
4291 KOPERVIK

Kontakt saksbehandlar

Janne Breivik, 51568785

Informasjon om tilskot til kommunale veterinærtenester for 2024- søknadsfrist og rapportering

Vi syner til rundskriv 2023-51 frå Landbruksdirektoratet. Kommunar og veterinærdistrikt kan no søkje om stimuleringstilskot til veterinærdekning for 2024.

For 2024 fekk Rogaland tildelt 623 000 kroner i stimuleringstilskot til fordeling til kommunale veterinærtenester. Dette er ein auke på 40 000 kroner frå 2023. Midlane skal gå til stimuleringstiltak som kan bidra til tilfredsstillande tilgang på veterinærtenester i kommunar der næringsgrunnlaget for veterinærar er svakt.

Søknadsfrist: 5. april 2024

Søknad sendast elektronisk via Altinn.

Statsforvaltaren behandlar og sender ut vedtaksbrev elektronisk via Agros. For nærare rettleiing om elektronisk søknad, sjå vedlagte kopi av rundskriv 2023-51. Søknadsskjema finn de på Altinn:

[Skjema](#)

Statsforvaltaren vil prioritere stimuleringstilskot til

1. kommunar med dårleg næringsgrunnlag for veterinærar og/eller med lågt dyretal og ein krevjande infrastruktur.
2. kommunar som har vanskar med å rekruttera og halde på veterinærar, og som har, eller vil etablere hensiktsmessige tiltak for å avhjelpe situasjonen.
3. at stimuleringstilskotet er hensiktsmessig for å bidra til å sikra tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell.

Informasjon om ordninga

Føremålet med stimuleringstilskotet er medverke til å sikre tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell i næringsssvake områder på dagtid, det vil seie innan ordinær arbeidstid.



Kommunar i næringsssvake distrikt for dyrehelsepersonell kan søkje. Landbruksdirektoratet har laga ein rapport som syner næringsgrunnlaget i kommunen. Alle kommunar kan søke, men Statsforvaltaren prioriterer kommunar med størst behov. Fleire kommunar kan samarbeide og sende felles søknad for eit vakt-distrikt. Det er vakt-distriktet sin administrasjonskommune som skal søkje. Korleis eit vakt-distrikt med to kommunar i ulike fylke skal søkje, er omtalt i rundskrivet kapittel 4.1.

Dei mest aktuelle stimulerings-tiltaka er etableringsstøtte og driftsstøtte, samt å opprette kommunale veterinærstillingar der den tilsette òg kan bidra til å løyse ulike andre oppgåver i kommunen der veterinæren sin kompetanse kjem til nytte. Andre stimulerings-tiltak kan òg vere aktuelle.

Stimulerings-tilskotet kan ikkje nyttast til å finansiere andre ordningar som mottar øyremerka støtte over statsbudsjettet eller jordbruksopp-gjeret, til dømes vederlag for klinisk veterinærvakt utanom ordinær arbeidstid, eller kostnader knytt til veterinærreiser. Vedtak om stimulerings-tilskot er avgrensa til kalenderåret tilskotet er innvilga for.

Endring gjeldande frå 2024

Frå 2021 blei det innført ein prøveordning med at kommunar som har hatt utfordringar med å skaffe nok veterinærar til å delta i klinisk veterinærvakt utanom ordinær arbeidstid, kunne stille krav om vakt-deltaking for at veterinærane skal kunne få stimulerings-tilskot. Ein føresetnad er at midlane blir brukt i tråd med føremålet med stimulerings-tilskotet. Kommunar som stiller krav om vakt-deltaking skal rapportere særskild om dette ved den årlege rapporteringa om bruk av midlane. Denne ordninga blir permanent frå 2024.

Kommunen sitt ansvar

- kommunane skal lyse ut ordninga og sette ein frist for veterinærar til å søkje om stimulerings-tilskot
- kommunen søkjer på vegne av kommunen eller vakt-distrikt
- kommunen skal rapportera til Statsforvaltaren om bruk av mottatt stimulerings-tilskot

Rapportering

Frist for å rapportere om brukte midlar for 2023: 5. april 2024

Når de søkjer tilskot om midlar for 2024 skal de også rapportere på bruken av tildelte midlar for 2023. Dette gjerast i Altinn. Rapporteringa skal innehalde:

- alle tiltaka midlane er brukt på
- kor mykje som er brukt på dei ulike tiltaka
 - driftsstøtte
 - etableringsstøtte
 - etablere kommunal stilling
 - anna

- eventuelle endringar frå planen kommunen gav i søknaden og grunngjeving for dette
- effekt av gjennomførte tiltak
- kor mykje midlar er eventuelt ikkje brukt
- om de har stilt krav om deltaking i vaktordninga for å få stimulerings-tilskot i 2023



Kommunar som ikkje skal søkje om stimuleringstilskot igjen, skal rapportera direkte til Statsforvaltaren.

Rapportering er omtalt i rundskrivet kapittel 9. Det er mogleg å laste opp vedlegg som dokumentasjon, til dømes; utfyllande informasjon og rekneskap.

Med helsing

Monica Dahlmo (e.f.)
landbruksdirektør

Janne Breivik
Seniorrådgivar husdyr

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

- 1 Rundskriv 2023-51 - Stimuleringstilskudd til veterinærdekning - forvaltningsansvar og saksbehandling

Adresseliste:

HÅ KOMMUNE	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
SOKNDAL KOMMUNE	Gamleveien 20	4380	HAUGE I DALANE
STRAND KOMMUNE	Postboks 115	4126	JØRPELAND
SULDAL KOMMUNE	Eidsvegen 7	4230	SAND
RANDABERG KOMMUNE	Postboks 40	4096	RANDABERG
SOLA KOMMUNE	Postboks 99	4097	SOLA
GJESDAL KOMMUNE	Rettedalen 1	4330	ÅLGÅRD
HAUGESUND KOMMUNE	Postboks 2160 Raglamyr	5504	HAUGESUND
KVITSØY KOMMUNE	Kommunehusveien 6	4180	KVITSØY
BOKN KOMMUNE	Boknatunvegen 37	5561	BOKN
EIGERSUND KOMMUNE	Postboks 580	4379	EGERSUND
SANDNES KOMMUNE	Postboks 583	4302	SANDNES
UTSIRA KOMMUNE	Postboks 63	5547	UTSIRA
HJELMELAND KOMMUNE	Vågavegen 116	4130	HJELMELAND
TIME KOMMUNE	Postboks 38	4349	BRYNE
TYSVÆR KOMMUNE	Postboks 94	5575	AKSDAL
BJERKREIM KOMMUNE	Postboks 17	4384	VIKESÅ
LUND KOMMUNE	Moiveien 9	4460	MOI
STAVANGER KOMMUNE	Postboks 8001	4068	STAVANGER
KARMØY KOMMUNE	Postboks 167	4291	KOPERVIK
KLEPP KOMMUNE	Postboks 25	4358	KLEPPE
VINDAFJORD KOMMUNE	Rådhusplassen 1	5580	ØLEN